



BIR Ressurs AS avd. Mjelstad
Postboks 6004
5892 BERGEN

Sakshandsamar:
Nina Vadøy, 5557 2316

Rapport frå inspeksjon ved Mjelstad avfallsdeponi

Kontrollnummer: 2022.228.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ingrid Hitland, Einar Håland og Øyvind
Underdahl Holm

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Nina Vadøy og Kristin Espeset

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Mjelstad avfallsdeponi den 25. og 26. oktober 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 3 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvika fordi dei er gjentakande.

Avvik:

1. Verksemda har deponert avfall som det ikkje er dokumentert om oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering.
2. Oppsamling, overvaking og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet.
3. Verksemda har ikkje avslutning- og etterdriftsplan for deponiet.

Avvik er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Kristin Espeset
senioringeniør

Nina Vadøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Osterøy kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BIR Ressurs AS avd. Mjelstad	
Organisasjonsnr.: 879 741 742	Eigd av: 985 825 408
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 – Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall	

Kontrollert eining

Namn: Mjelstad avfallsdeponi	Anleggsnr.: 4630.0025.02
Kommune: Osterøy kommune	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 30. november 2016	Sist endra: –

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin lokale deponiaksjon og ei oppfølging av tilsyn med Mjelstad avfallsdeponi som vart gjennomført 26. og 27. mai 2021.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- særskilt oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021 (rapport 2021.114.I.SFVL)
- brev med ny frist for oppfølging av avvik datert 1. mars 2022

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. mars 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvika då det er gjentakande avvik. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp med ny kontroll.

Vi ber om at de sender svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varsla at vi vil vurdere tvangsmulkt på 50 000 kr i brev datert 1. mars 2022 dersom vi ikkje fekk tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika frå tilsynet i 2021 var retta innan 1. mai 2022. BIR Ressurs AS avd. Mjelstad har gitt tilbakemelding og har retta avvik, men ikkje alle. Etter nytt tilsyn i 2022 er det gitt nye avvik. Vi driv ikkje inn tvangsmulka no, men varslar tvangsmulkt til ny frist for å sikre tilstrekkeleg framdrift i arbeidet med å følgje opp avvika i tilsynsrapporten.

Statsforvaltaren varslar derfor at dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta eller tidfesta handlingsplan på avvik som ikkje er retta innan **1. mars 2023**, vil Statsforvaltaren vurdere å vedta tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir halden, må verksemda betale tvangsmulka. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 11. mai 2022.

Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må BIR Ressurs AS avd. Mjelstad betale eit gebyr på 52 500 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn over fleire dagar. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har deponert avfall som det ikkje er dokumentert om oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering

Avvik frå:

Løyvet til drift av deponiet datert 30. november 2016

- punkt 1 om rammevilkår
- punkt 3.1 om mottakskriteria

Avfallsforskrifta vedlegg II

- punkt 1.1 om basiskarakterisering
- punkt 1.3 om verifikasjon av avfall som oppstår jamleg
- punkt 3 om prøvetakingsstrategi

Kommentarar til regelverket

Mottakskriteria – løyvet punkt 1 og 3.1

Det er lov til å deponere ordinært avfall og avfall som tilfredsstillar mottakskriteria i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II.

Det skal gjerast ein kontroll av alt avfall som blir tatt imot til deponiet. Kontrollen skal avdekke om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningslinjer for kva som kan takast imot ved anlegget.

Basiskarakterisering – avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 1.1

Det er sett krav til innhald i basiskarakterisering av avfall som skal deponerast. Det er mellom anna krav til klassifisering av avfallet, og for nokre avfallstypar er det krav til dokumentasjon av utlekking ved både kolonnetest og ristetest. Det er også krav til at opplysningar om ekstra forholdsreglar skal vere kjent. Dette kan til dømes gjelde at avfallet har innhald av andre helse- og miljøfarlege stoff enn stoff det er sett særskilt grenseverdi for i forskrifta.

For avfall som oppstår jamleg, skal det følge dokumentasjon på variasjon i innhald og eigenskapar, variasjon i desse eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast og kor ofte. Det er avfallsprodusenten som skal basiskarakterisere avfallet. Basiskarakteriseringa må innehalde alle nødvendige opplysningar for at deponieigar skal kunne ta stilling til om kriteria for mottak er oppfylte og om avfallet kan deponerast.

Verifikasjon av avfall som blir produsert jamleg – avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II punkt 1.3

Dersom avfallet oppstår jamleg, skal avfallsprodusenten sørge for at avfallet blir verifisert. Verifikasjonen skal vise at avfallets eigenskapar er i samsvar med resultatane av basiskarakteriseringa. Det skal følge dokumentasjon på variasjon i innhald og eigenskapar, variasjon i desse eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast og kor ofte.

Verifikasjonen skal omfatte kontroll av utvalde kritiske parameterar som vart bestemt i basiskarakteriseringa, under dette testing av utlekkingspotensial.

Verifikasjon skal gå føre seg minst ein gong per år eller hyppigare dersom det går fram av basiskarakteriseringa.

Avfallsprodusent skal sørge for at det blir gitt opplysningar om siste gjennomførte verifikasjon ved levering av avfall til deponiet.

Prøvetakingsstrategi – avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II punkt 3

Prøvetakinga skal vere basert på ein prøvetakingsstrategi der det er tatt omsyn til avfallets samansetning og eigenskapar, med utgangspunkt i gjeldande standard for prøvetaking av avfall. Prøvetakingsstrategien skal sikre at det blir tatt representative prøvar, og at omfanget av karakterisering og testing er dekkande for det aktuelle avfallet.

Observasjonar

Slam frå eige reinseanlegg

Verksemda har utført karakterisering av slam frå eige reinseanlegg som blir lagt på deponiet. Karakteriseringa er basert på berre 1 prøve og viser ikkje dokumentasjon på variasjon i innhald.

Verksemda har ikkje opplegg for verifikasjon for slam frå eige reinseanlegg.

Botnaske

Verksemda har utført karakterisering av botnaske, men manglar opplegg for verifikasjon for dette avfallet.

Avvik 2

Oppsamling, overvaking og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet

Avvik frå:

Løyvet til drift av deponiet datert 30. november 2016

- punkt 2.3 om plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- punkt 2.9 om beste tilgjengelege teknikkar
- punkt 5.2 om tiltak mot utlekking av sigevatn
- punkt 5.3 om oppsamling og reinsing av sigevatn
- punkt 11.1 om oversikt over deponiutvikling og vassbalanse
- punkt 11.2 om overvaking av vatn

Kommentarar til regelverket

Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg – løyvet punkt 2.3

All forureining frå bedrifta, under dette utslepp til luft og vatn, inkludert støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir heldt innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar bedrifta å redusere sine utslepp, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for.

Beste tilgjengelege teknologi – løyvet punkt 2.9

Bedrifta skal bruke best tilgjengeleg teknologi (BAT – Best Available Techniques).

Tiltak mot utlekking av sigevatn – løyvet punkt 5.2

Deponiet skal utformast slik at sigevatn blir samla opp mest mogleg effektivt, på same tid som jord, grunnvatn og overvatn ikkje blir forureina.

Oppsamling og reinsing av sigevatn – løyvet punkt 5.3

Alt sigevatn frå deponicellene, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller er avslutta deponiareal, skal samlast opp.

Oppsamlingsystem, reinseanlegg og sigevassleidning inkludert pumpestasjon og nødvendige kummar, skal ha ein kapasitet som svarar til forventta maksimal sigevassmengde. Pumpestasjonen skal ikkje ha overløp.

Sigevatnet skal reinsast lokalt i samsvar med beste tilgjengelege teknikk, sjå vedlegg B om BAT.

Oversikt over deponiutvikling og vassbalanse – løyvet punkt 11.1

Verksemda skal årleg lage ei oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er teke i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetjing, deponeringsmetodar, attståande kapasitet og antatt levetid for deponiet.

På bakgrunn av resultat frå nedbørsmålingar, måling av sigevassmengder og anna overvaking, skal verksemda lage eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

For å få sett opp ein vassbalanse for deponiet, er det nødvendig å kartleggje vasstraumar inn og ut av deponiet. Meteorologiske data frå deponiet spesifisert på minimum månadsbasis er nødvendig for å få sett opp ein nøyaktig vassbalanse.

I rettleiing frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi står det omtalt korleis vassbalanserekneskap skal utarbeidast.

Overvaking – punkt 11.2

Verksemda skal ha eit overvakingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn som tilfredsstillar krava i avfallsforskrifta vedlegg III og rettleiing TA 2077 om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Overvakingsprogrammet skal kartlegge avgrensing av deponiets influensområde. Overvaking av reinseprosess og reinseeffekt for reinseanlegget skal inngå i overvakingsprogrammet.

Observasjonar

Vassbalanserekneskap

Vassbalanserekneskapen for deponiet er mangelfullt og er ikkje laga i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 «Rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi».

I vassbalanserekneskapet manglar mellom anna:

- grunnvasstand rundt deponiet og under deponiet med opplysningar om grunnvatnet står opp i deponiet i periodar og korleis strøymingsmønsteret til grunnvatnet er
- anslag på mengder grunnvatn som strøymer inn i deponiet
- anslag på sigevatn som strøymer til grunnvatn
- eventuelle område som er avslutta og kva område som ikkje er avslutta. Utrekning av kva dette har å seie for avrenningsmengder
- kart som viser område utanfor deponiet som har avrenning inn i deponiet. Eksisterande og planlagde avskjerande grøfter, inkludert når arbeidet skal gjennomførast
- nedbørmengder for kvar måned frå eigen nedbørmålar
- minimum sigevassmengder for kvar måned
- avrenningsmønster. Anslag på mengder vatn som renn gjennom deponiet og anslag på mengder som renn av på overflata
- anslag på mengder sigevatn som går i overløp
- vurdering av eventuelle andre prosessar som er aktuelle for deponiet

Reinsing av sigevatn

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad har ikkje optimalisert reinsinga av sigevatn. Dette er basert på følgjande:

- Det er tatt 1 prøve av sigevatnet før og etter reinsing. Dette er for lite for å vise reinseeffekten.
- Det er ikkje tatt prøvar av sigevatnet som viser effekten av reinseanlegget ved ulike hydrauliske belastningar.
- Det mangla digitale verktøy for kontinuerleg overvaking av avrenning av sigevatn og vurdering av samanheng med nedbørdata.
- Det mangla tal på lengda på opphaldstid som er naudsynt for å få ei god nok reinsing av alle parametarar.

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad mangla eit intensivert program for måling av sigevatn før og etter reinsing som dokumenterer reinsegrad ved ulike vassbelastningar på reinseanlegget. Det vil seie at verksemda må måle både i nedbørrrike periodar og meir tørre periodar. Optimalisering krev meir enn 4 målingar i året. Frekvens på tømning av slam må også vere ein del av optimaliseringa.

Verksemda har opplyst at sigevatn som ikkje går innom reinseanlegget, men går i overløp, ikkje blir målt. Under tilsynet opplyste verksemda at dei kan lese av manuelt for å få tal på mengder som går i overløp og opplyste at dei vil lese av manuelt kvar månad framover. Som nemnt over er det nødvendig å etablere kontinuerleg måling av sigevatn som blir reinsa og som går i overløp for å kunne optimalisere reinsinga.

Nødvendige tiltak som ikkje allereie er gjennomført må gå fram av ein tidfesta handlingsplan. Handlingsplanen må også inkludere oversikt over kva ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er sett av/gjort tilgjengelege.

Sigevatn i overløp

I innsendt notat laga av Multiconsult om overløp i reinseanlegget til Mjelstad avfallsdeponi står det at om lag ein fjerdedel av sigevatnet gjekk i overløp fordelt på 43 døgn i 2020. Sjå figur under punkt 3.

Verksemda har søkt om midlertidig endring av punkt 5.3 i løyvet, slik at vilkåret omfattar overløp. Søknaden er mangelfull og vi vil trenge fleire opplysningar. Sidan anslått mengde overløp heng saman med vassbalansen og optimalisering av reinseanlegget, er det hensiktsmessig å vente med å sende fleire opplysningar til søknaden før dette er gjort.

Avvik 3

Verksemda har ikkje avslutning- og etterdriftsplan for deponiet

Avvik frå:

Løyvet til drift av deponiet datert 30. november 2016

- punkt 4.3 om endeleg avslutning og etterdrift
- punkt 6.1 om deponigass

Kommentarar til regelverket

Avslutning- og etterdriftsplan

Verksemda skulle ha lagt fram utkast til plan for endeleg avslutning og etterdrift seinast 1. mars 2020 (utsett frist). Endeleg avslutnings- og etterdriftsplan skal sendast Statsforvaltaren seinast 18 månader før avslutning.

I ein slik plan må det gå fram planar for dei delane av deponiet som det ikkje lenger er påfylling av avfall på, og korleis framtidig avslutning av delområde er planlagt gjort. Ein oppfyllingsplan inkludert trinnvis avslutning må vere ein del av avslutningsplanen. Planen må godkjennast av Statsforvaltaren.

På bakgrunn av sluttinspeksjonen etter avfallsforskrifta § 9-15, og på bakgrunn av endeleg avslutningsplan, kan Statsforvaltaren fastsette ytterlegare vilkår for avslutning og etterdrift.

Handtering av deponigass ved avslutning

Der det ikkje er gassproduksjon som gjer det mogleg å etablere gassanlegg, skal det i staden etablerast biofilter etter ein nærare angitt plan.

Observasjonar

Avslutning- og etterdriftsplan

Verksemda har ikkje lagt fram utkast til plan for endeleg avslutning og etterdrift innan fristen 1. mars 2020.

Delar av deponiet er avslutta og tatt i bruk til andre føremål. Mellom anna er det bygd hall for metallsortering oppå nedlagt del av deponiet. Verksemda opplyste under tilsynet at det er planlagt å levere plan for avslutning og etterdrift i samband med innsending av søknad om utviding.

Handtering av deponigass ved avslutning

Verksemda har ikkje ein plan for etablering av biofilter der det ikkje er gassproduksjon som gjer det mogleg å etablere gassanlegg.

I rapport om måling av diffus gass på Mjelstad avfallsdeponi mai 2022 står det at deponiet bør avsluttast med massar som fremmer oksidering av metangass.

8. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Avslutning av tilsyn 26. og 27. mai 2021 (rapport 2021.114.I.SFVL)

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad har sendt dokumentasjon på korleis avvika er følgt opp. Nedanfor er tilbakemeldinga frå BIR Ressurs avd. Mjelstad kort oppsummert med kommentar frå Statsforvaltaren for kvart avvikspunkt:

Avvik 1 – Verksemda kan ikkje dokumentere at utslepp av deponigass er lågast mogleg

Verksemda har i mai 2022 fått gjennomført måling av diffus gass på deponiet og rapporten viser at metangassutsleppet til atmosfæren er lågt. Verksemda har opplyst at det vil bli gjennomført måling ein gong i året framover. Vi føreset at program for utsleppskontroll blir oppdatert i samsvar med dette. Ei forbetring vil vere å få med kart i rapporten som viser kvar prøvane blir tatt. Vi tek arbeidet verksemda har gjort til orientering. Verksemda manglar plan for etablering av biofilter der det ikkje er mogleg med gassanlegg. Vi vil derfor følge opp avviket gjennom nytt avvik 3 i denne rapporten.

Avvik 2 – Verksemda har deponert avfall som det ikkje er dokumentert om oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering

Slam frå eige reinseanlegg: Verksemda har sendt karakterisering av slam frå eige reinseanlegg basert på 1 prøve og det manglar opplegg for verifikasjon.

Vi vil følgje opp avviket gjennom nytt avvik 1 i denne rapporten.

Botnaske: Verksemda har utført karakterisering av botnaske med metode frå Tyskland basert på totalinnhald av metall og med vurdering av kva form metallet føreligg i. Botnaska vart ikkje klassifisert som farleg avfall med denne metoden. Vi tar karakteriseringa til orientering. Verksemda manglar opplegg for verifikasjon. Vi vil derfor følgje opp avviket gjennom nytt avvik 1 i denne rapporten.

Avvik 3 – Oppsamling og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet

Verksemda har sendt inn vassbalanse for 2021, men denne er mangelfull. Verksemda har ikkje oversikt over mengda sigevatn som går i overløp. Vi vil følgje opp avviket gjennom nytt avvik 2 i denne rapporten.

Avvik 4 – Internkontrollen har manglar.

Verksemda har sendt inn oppdatert rutine for avvik knytt til ytre miljø. Vi tar tilbakemeldinga til orientering og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

Konklusjon

Avvik etter tilsyn i 2021 som BIR Ressurs AS avd. Mjelstad ikkje har lukka, er følgt opp med nye avvik i denne rapporten etter nytt tilsyn i 2022. BIR Ressurs AS avd. Mjelstad har hatt framdrift i lukking av avvik og vi vil derfor ikkje drive inn tvangsmulkt no som vart varsla i brev 1. mars 2022. Vi avsluttar med dette tilsynet utført 26. og 27. mai 2021.

Finansiell garanti

Verksemda har opplyst at dei vil sende inn søknad om å få la pengane for etterdrift som står i stiftelse halde fram med å stå der, og at dei planlegg å endre vedtektene til stiftelsen slik at pengane blir tilgjengeleg for forureiningsmyndigheita. Verksemda sender søknaden innan 15. desember 2022 og Statsforvaltaren vil sende søknaden vidare til Miljødirektoratet for avklaring.

Vi vil vurdere om vi skal gjere vedtak på innsendt påkravsgaranti som er sendt inn til oss, eller om vi skal gjere eit samla vedtak når det føreligg finansiell sikring for heile beløpet.

Søknad om utvida løyve

BIR Ressurs AS avd. Mjelstad planlegg å søke om utvida løyve for deponi-drift. Verksemda har opplyst at søknaden er under arbeid og vil bli sendt til Statsforvaltaren når reguleringsplanen er klar. Oppstartsmeldinga har vore på høyring og Statsforvaltaren har uttalt seg til denne. Sjølve reguleringsplanen har derimot ikkje vore på høyring.

Metallsorteringsanlegget og BAT

Verksemda har sendt inn vurdering av BAT for forbrenningsanlegg for metallsorteringsanlegget i brev 2. mars 2021. Sorteringa går no føre seg innandørs. Sidan føresetnadane har endra seg, vil vi trenge ei oppdatering av vurdering av BAT, til dømes når

det gjeld handtering av overvatn. Sorteringshallen står på endeleg avslutta deponi og overflatevatnet skal i utgangspunktet vere reint og kan førast utanom reinseanlegget, slik at vassmengdene til reinseanlegget blir redusert.

Verksemda kan sende inn oppdatert BAT-vurdering saman med søknad om utvida deponi. Vi vil behandle søknaden og oppdatering i samsvar med BAT samla.

Resipientundersøking

Verksemda har sendt inn rapport for resipientundersøking ved Mjelstad deponi 2021-2022. I rapporten under oppsummering er det rådd til følgjande:

- Bruk av ein rigg nær utsleppspunktet ved å sette ut sedimentfeller som fangar sediment i dei frie vassmassane, og passive prøvetakarar og blåskjell.
- Etablering av ein referansestasjon i eit område som er minst mogleg påverka av utslepp.
- Bruk av ROV for å søke opp om det finst sedimentprøvar nær utsleppspunktet.
- Kontroll av om det går sigevatn i sigevassleidningen og eventuelt følgje opp med ein ROV-undersøking av utsleppsleidningen.

Om deponiutvikling og avslutning- og etterdriftsplan

Til informasjon er det fleire deponi som tar i bruk 3D-skanning av deponiet for å få betre og meir presis informasjon om deponiet si utvikling og for å få informasjon til avslutning- og etterdriftsplan.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren